



Selma Eik med dokke og bunadsliv

Ifjor hadde ikkje helselaget basar, men i år kjem dei sterkt attende og inviterar til basar i kjellaren på Helgheim 9. mars klokka 16. Leiar Selma Eik minnar om basaren for 2 år sidan då laget hadde eit rekordresultat på rundt 50 000 kroner,
Kan det verta noko liknande i år?

Frå ei fyldig gevinstliste tek vi med dokke med kle, 2 pledd, to bagar med Nasjonalforeningen sitt merke, vindjakke, vinkelslipar. gåvekort på 500 koner frå KVB, leiketruktor, vevd teppe, bunadssokkar, bunadsveske og bunadsliv.

Men basarkomiteen ynskjer fleire gevinstar, ikkje minst til årsalet. Bunad-delane og det vevde teppet er laga lokalt.

Helselaget går inn i ei hektisk veke, for no tysdag er det årsmøte i Gamleskulen og det er grunn til å tru at Selma Eik der går på ei ny økt som leiar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen
 Nett: Ola Matti Mathisen